



Lundheim der det var landhandel i kjellaren vert gjort klar for riving.

Det vert i denne veka klargjort for riving av huset der Anders Bringedal dreiv Lundheim Landhandleri med start i 1919. Huset er eit av fleire trehus frå tida før 1940 som har sett sitt preg på Uskedalen. Desse husa med forretningar i fyrste høgda ligg på begge sider av hovudvegen mellom Uskedal bru og nedkøyrsla til Myklebust kai. I same husrekkja ligg Lærarbustaden, bakar Hansen sitt hus, skomakar Bjelland sitt hus og Helgheim frå 1934. Vi må også ta med huset til Dagny og Olav Haugland.

Anders Bringedal, gift med Marta Johannesdotter frå Fausk i Omvikdalen, reiste til sjøs 15 år gamal, gjekk i land og tok stuertskulen før det bar ut på langfart igjen. Han skreiv seg også for Anders Olson Myklebust, fekk skøyte på Ljosmyr i 1907 og budde her til 1915. Foreldra var Ivertine Anker frå Lurøy og Ole Samsonson Bringedal, busett på bruk 9 på Myklebust.

Neste periode i livet hans var som kjøpmann og småbrukar i Uskedalen. Lundhem Landhandleri var namnet på butikken. Sonen deira, Ivar Bringedal starta forretning i nabolaget. Ivar saman med kona Emma dreiv ass. landhandel med spesialitet i feitevare, fiskemat, grønnsaker og poteter. Dei hadde ei tid fiskebiltrute og bensinutsal.



Tre hus som har sett sitt preg på sentrum i Uskedalen. F.v: Lærbustaden, Lundheim og Emma og Ivar Bringedal sitt hus. Etter at huset gjekk ut av familien var Johannes Hauge eigar. Ved hans død kom eigedomen tilbake til slekta. Eigar no er Emil Bringedal Clementsen. Det føreligg løyve på å byggja nytt hus og uthus på tomta.

Entreprenør for rivinga er Leganger Maskin frå Løfallstrand.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal